

**RAPPORT**

2023

REGISTER OVER SVANGERSKAPSAVBROT (ABORTREGISTERET)

Rapport om svangerskapsavbrot 2022

**Rapport om  
svangerskapsavbrot  
2022**

**Register over svangerskapsavbrot  
(Abortregisteret)**

Mette Løkeland (redaktør)  
Rupali Akerkar  
Olaug Margrete Askeland  
Guri Sundgot Halvorsen  
Rannveig Heiberg-Andersen  
Mona Tornensis Hornæs  
Petur Benedikt Juliusson  
Amund Torvund Berg

Utgeve av Folkehelseinstituttet  
Område for helsedata og digitalisering  
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)  
Mars 2023

**Tittel:**

Rapport om svangerskapsavbrot 2022

**Forfattarar:**

Mette Løkeland (redaktør)  
Rupali Akerkar  
Olaug Margrete Askeland  
Guri Sundgot Halvorsen  
Rannveig Heiberg-Andersen  
Mona Tornensis Hornæs  
Petur Benedikt Juliusson  
Amund Torvund Berg

**Publikasjonstype:** Rapport

**Bestilling:**

Rapporten kan lastast ned som pdf  
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

Folkehelseinstituttet  
Postboks 4404 Nydalen  
NO-0403 Oslo  
Telefon: 21 07 70 00

**Grafisk designmal:**

Per Kristian Svendsen og Grete Sjøimer

**Opplag:** Berre elektronisk

**Foto omslag:**

Colourbox

ISSN 1891-6392

**Emneord (MeSH):** abort, abortregisteret, helseregister

**Sitering:** Løkeland M, Heiberg-Andersen R, Akerkar R, Berg AT, Askeland OM, Hornæs M, Halvorsen GS, Juliusson PB. "Rapport om svangerskapsavbrot 2022" . [Report on termination of pregnancies for 2022] Rapport nr. [1]–2023,0. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2023.

## Innhald

<b>1. Innleiing</b>	<b>5</b>
<b>2. Datagrunnlaget</b>	<b>6</b>
<b>3. Kvalitetssikring</b>	<b>7</b>
<b>4. Kommentar til statistikken for 2022</b>	<b>8</b>
<b>5. Figurar og tabellar</b>	<b>11</b>
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2007-2022. Kjelde: Abortregisteret.	11
Figur 2. Fødselar per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2007-2022. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.	11
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2022	12
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke eller storby 2018-2022	13
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2018-2022	14
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2018-2022	15
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2022	16
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2013-2022	16
Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2022. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2022. Kjelde: Abortregisteret.	17
Figur 5. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2022. Kjelde: Abortregisteret.	18
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2013-2022	19
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2022	20
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2022	21
Figur 6. Nemndbehandla begjæringar <sup>1</sup> og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret.	21
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret.	22
Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret.	22
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2013-2022	23
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2013-2022.	23
Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2021 og 2022. Kjelde: Abortregisteret.	24

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2022.....	24
Figur 11. Prosentdel nemndbehandla svangerskapsavbrot før og etter 18 veker svangerskapslengde og etter indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c eller andre paragrafar 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret. ....	25
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2022, vedtak i primærnemnd .....	25
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2022 vedtak i klagenemnd.....	26
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2022 .....	26
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2021 og 2022 .....	27
Tabell 16. Talet på og prosentdelen abortar fullført utanfor sjukehus (heimeabort) i Helse Nord per utførande sjukehus i 2022. ....	28
<b>APPENDIX A. Lover og forskrifter</b> .....	<b>29</b>
<b>APPENDIX B. Om statistikken</b> .....	<b>30</b>

## 1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2022.

## 2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke (11 veker og 6 dagar)), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane skildra over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Ein har rett til å reservere seg mot permanent lagring av direkte personidentifiserbare opplysningar i Medisinsk fødselsregister. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

### 3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei einskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2017 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. I 2017 har ein i tillegg fått ny elektronisk løysing som har gjeve forbetring av kvaliteten på data i registeret. Det har medført små justeringar i tidlegare publiserte tal. Etter endt publisering av data kan det førekoma endringar i data grunna etterrapportering av abortar og kvalitetssikring.



## 4. Kommentar til statistikken for 2022

I 2022 vart det sendt inn 13 193 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 11 967 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 1 092 (10,0 %) fleire utførte svangerskapsavbrot enn i 2021, men på line med talet på abortar utført før covid-19 pandemien i 2019 på 11 734 (Tabell 1). Det har vore ein jamn nedgang i aborttala sidan 2008. Om denne oppgangen vi ser tilbake til 2019 tal representerer ein endring i denne trenden eller handlar om effekten av covid-19 på aborttala, veit vi framleis ikkje.

Avbrotsraten har ein oppgang frå 9,0 i 2021 til 9,8 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2022 og er såleis tilbake til det nivået ein såg i 2019 på 9,7 per 1000 kvinner i fertil alder. Troms og Finnmark, Oslo og Nordland er dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 12,6 i Troms og Finnmark, 11,3 i Oslo og 11,1 i Nordland. Vestland er det einaste fylket som har hatt ein nedgang i abortraten sin frå 8,2 til 8,1 per 1000 kvinner i alderen 15-49 år frå 2021 til 2022. Dersom ein ser på avbrotsratene i dei store universitetsbyane så har Oslo den høgste avbrotsraten på 11,3 per 1000 kvinner. Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 8,1 per 1 000 kvinner i Rogaland og Vestland og 8,2 i Møre og Romsdal (Tabell 2). Det er per i dag 4 av 11 fylke som har ein avbrotstrate på 10 eller meir per 1000 kvinner (15-49 år).

Den samtidige nedgangen i talet på fødslar per 1000 kvinner i fertil alder (15-49 år) ein såg frå 2009 fram til pandemien med covid-19 byrja i 2020 har no endra seg. (Figur 2).

### Covid-19

Frå mars 2020 til februar 2022 levde vi med smittvernsrestriksjonar grunna pandemien med Covid-19. Fleire land var bekymra for korleis ein skulle sikre tilgang til abort. Vi har ikkje grunnlag for å seia at tilgangen til abort i Noreg var endra under pandemien. Eit anna spørsmål er korleis pandemien påverka det fertile livet og vala våre. Det er difor interessant å sjå at aborttala no er tilbake til det nivået vi såg i 2019 før pandemien (Figur 1).

### Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år<sup>1</sup> går opp

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 har no stogga. Det var på det lågaste i 2020; med ein auke i abortraten frå 4,4 i 2020 til 4,6 i 2021 og 5,5 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år i 2022. Det har vore ein oppgang i alle fylke bortsett frå Innlandet, Møre og Romsdal og Bergen by. I 1980 var talet 22,5 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortraten av alle (Tabell 1).

Troms og Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 10,2 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Nordland og Oslo med 8,0 og 6,5 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Møre og Romsdal med 3,7 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3). Troms og Finnmark

<sup>1</sup> Desse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2022 vart det utført 9 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

hadde den største oppgangen frå ein rate på 7,1 til 10,2 per 1000 kvinner frå 2021 til 2022.

### **Avbrotsraten er høgast i aldersgruppa 25-29 år**

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men den har vore fallande dei siste åra, og har no vorte lågare enn avbrotsraten i aldersgruppa 25-29 år og 30-34 år. I 2015 var raten 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 14,5 og 16,4 i 2022. Sidan 2019 har både aldersgruppa 25-29 og 30-34 hatt høgare abortrater enn dei under 25 år (Tabell 1). Abortraten i alderen 30-34 år er 15,4 per 1000 kvinner i 2022.

Troms og Finnmark hadde høgast avbrotsrate med 19,4 per 1 000 kvinner, medan Møre og Romsdal hadde lågast førekomst med 10,0 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Møre og Romsdal og Vestland var dei einaste fylka med ein nedgang i abortraten i denne aldersgruppa frå 2021 til 2022 frå 10,5 til 10,0 i Møre og Romsdal og 12,4 til 11,3 i Vestland per 1000 kvinner i alderen 20-24 år..

### **Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrotsmetode**

Medikamentell behandling ved svangerskapsavbrot vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998 og har vore den mest brukte avbrotsmetoden sidan 2008 (Figur 6). I 2022 vart 94,8 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 6). Narvik sjukehus (85,7 %) har lågast bruk av medikamentell avbrotsmetode saman med Sykehuset Namsos (86,7%), medan Ringerike sykehus (0,8 %) har lågast bruk av kirurgisk metode (Tabell 8).

### **Andel svangerskapsavbrot fullført utanfor sjukehus (heimeabort)**

Vi kan i år presentere tal på abortar som vert avslutta utanfor sjukehus. Dei som vert omtala som heimeabortar. Framleis er det berre Helse Nord som kan levere informasjon om dette. I følgje nasjonale retningslinjer så kan sjukehus tilby heimeabort opp til 10 veker svangerskapslengde. I 2022 vart 55,8% av alle avbrot under 10 veker avslutta utanfor sjukehus i Helse Nord Det er stor variasjon mellom sjukehusa frå 11,0% ved Universitetssykehuset Nord Norge, Harstad og 75,8% ved Universitetssykehuset Nord Norge, Narvik(Tabell 16)..

### **Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot**

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (84,1 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2022 var 11 377 (95,1 %) sjølvbestemte, og 590 (4,9 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast førekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Nordlandssykehuset Lofoten (62,8 %), Nordlandssykehuset Vesterålen (71,2 %) og Helgelandssykehuset Mo i Rana (75,2 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 84,1 % (Tabell 8).

### **Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot**

Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda

straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus. I august 2017 ba Regjeringa helseforetaka om å redusere talet på abortnemnder. Målet til Regjeringa er å redusere frå 35 til under 17 nemnder. I 2022 har det vore primærnemnd ved 24 sjukehus. Dei ulike helseforetaka har stor variasjon i talet på nemnder. Helse Sør-Aust har 12, Helse Nord seks, Helse Midt fire og Helse Vest to nemnder.

Det vart utført 590 nemndbehandla svangerskapsavbrot i 2022, som er 90 (18 %) fleire enn i 2021. Av dei utførte nemndbehandla avbrota i 2022 vart 586 (99,3 %) innvilga i primærnemnd og 4 (0,7 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9).


Det var 495 begjæringar om avbrot innan utgangen av veke 18 (Tabell 12). Av dei var 473 handsama i nemnd og 466 vart innvilga i primærnemnd, sju fekk avslag og 452 vart utført. Av dei sju som fekk avslag i primærnemnd møtte tre i klagenemnd (Tabell 13). Alle tre vart innvilga.

Vi har sett ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav a og b som omhandlar kvinna si helse og livssituasjon (Figur 9). Dette har følgd nedgangen i abortraten generelt. Spesielt har det vore ein nedgang i talet på abort innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav b som omhandlar kvinna sin livssituasjon, dei siste 10 åra (Tabell 10). I 2013 var det 256 avbrot der bokstav b var brukt åleine mot 112 i 2021. Vi ser ein oppgang til 150 kvinner i 2022, men det ligg framleis under talet som fekk innvilga etter same bokstav i 2019 (161). Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fare for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet varierer litt meir år for år (Figur 9). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 10 og 11).

Av dei 590 nemndbehandla avbrota vart 352 (59,6 %) handsama og utført ved dei 5 største helseinstitusjonane (Tabell 15).


Alle fosterantalsredaksjonar skal etter lov frå 2019 innvilgast i nemnd. Behandlinga av desse er sentralisert til Senter for fostermedisin på St Olavs hospital i Trondheim. I 2022 var det utført 23 fosterantalsreduksjonar.

## 5. Figurar og tabellar



Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinne sin alder 2007-2022.

Kjelde: Abortregisteret.



Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2007-2022.

Kjelde: Medisinsk fødselsregister.

Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2022<sup>2</sup>

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 532	14,6	22,5	22,1	16,3	13,7	11,4	6,8	0,8
1985	14 598	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 874	12,9	15,3	24,0	20,3	15,2	9,8	4,3	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 991	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 741	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2015	14 033	11,7	8,3	21,1	21,1	16,5	11,3	4,3	0,5
2018	12 391	10,3	5,5	16,9	17,6	16,1	11,2	4,3	0,3
2019	11 734	9,7	4,9	14,9	17,3	15,0	11,1	4,1	0,4
2020	11 088	9,2	4,4	13,6	15,3	14,5	11,1	4,4	0,4
2021	10 875	9,0	4,6	13,3	15,3	14,2	10,6	4,0	0,3
2022	11 967	9,8	5,5	14,5	16,4	15,4	11,3	4,6	0,4

<sup>2</sup> Tala avvik noko frå tidlegare publiseringar grunna kontinuerleg arbeid med datakvaliteten og samling av data i ein ny database. Dette arbeidet er utført i løpet av perioden 2013-2022.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke eller storby 2018-2022

Fylke	2018		2019		2020		2021		2022	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	12 391	10,3	11 735	9,7	11 085	9,2	10 875	9,0	11 967	9,8
Viken	2 723	10,1	2 624	9,7	2 499	9,2	2 511	9,2	2 752	9,9
Oslo	2 334	12,6	2 211	11,8	2 113	11,1	1 956	10,2	2 181	11,3
<b>Oslo</b>	2 334	12,6	2 211	11,8	2 113	11,1	1 956	10,2	2 181	11,3
Innlandet	731	9,6	678	9,0	747	10,0	686	9,3	740	10,0
Vestfold og Telemark	846	9,5	811	9,2	770	8,8	774	8,9	855	9,8
Agder	607	8,9	542	8,0	529	7,8	532	7,8	588	8,5
Rogaland	944	8,6	882	8,0	782	7,1	779	7,1	893	8,1
<b>Stavanger</b>	324	9,5	317	9,2	310	9,0	275	8,0	324	9,4
Vestland	1 266	8,8	1 235	8,6	1 130	7,9	1 170	8,2	1 170	8,1
<b>Bergen</b>	661	9,7	669	9,7	607	8,8	620	8,9	615	8,8
Møre og Romsdal	460	8,2	419	7,6	384	7,0	403	7,3	451	8,2
Trøndelag	1 031	9,9	972	9,3	836	8,0	798	7,6	890	8,4
<b>Trondheim</b>	514	10,4	462	9,2	410	8,1	411	8,0	466	8,9
Nordland	545	10,8	509	10,2	437	8,9	454	9,3	540	11,1
Troms og Finnmark	740	13,7	716	13,4	616	11,6	607	11,6	659	12,6
<b>Tromsø</b>	270	14,2	261	13,7	214	11,2	194	10,2	207	10,8
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	164		137		240		205		248	

<sup>1</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2018-2022

Fylke	2018		2019		2020		2021		2022	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	860	5,5	759	4,9	685	4,4	717	4,6	864	5,5
Viken	179	4,8	184	4,9	165	4,4	185	4,9	202	5,2
Oslo	115	7,5	85	5,5	98	6,2	84	5,1	110	6,5
<b>Oslo</b>	115	7,5	85	5,5	98	6,2	84	5,1	110	6,5
Innlandet	48	4,4	49	4,5	51	4,8	51	4,9	47	4,6
Vestfold og Telemark	61	4,9	61	5,0	44	3,6	50	4,1	68	5,6
Agder	57	5,9	37	3,9	37	3,9	37	3,9	58	6,0
Rogaland	58	3,9	62	4,2	67	4,6	49	3,3	74	4,9
<b>Stavanger</b>	17	4,1	18	4,4	25	6,0	14	3,3	23	5,3
Vestland	104	5,4	81	4,2	64	3,3	74	3,9	76	4,0
<b>Bergen</b>	48	6,2	48	6,2	30	3,9	36	4,7	30	3,9
Møre og Romsdal	34	4,2	25	3,1	32	4,0	30	3,7	30	3,7
Trøndelag	91	6,7	76	5,6	52	3,9	68	5,1	73	5,4
<b>Trondheim</b>	31	5,8	34	6,4	23	4,2	30	5,4	34	6,0
Nordland	42	5,8	39	5,5	24	3,5	38	5,6	53	8,0
Troms og Finnmark	67	9,3	59	8,3	43	6,3	48	7,1	69	10,2
<b>Tromsø</b>	20	9,3	13	6,1	11	5,2	19	9,0	16	7,5
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	4		1		8		3		4	

<sup>1</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2018-2022

Fylke	2018		2019		2020		2021		2022	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	2 790	16,9	2 447	14,9	2 234	13,6	2 167	13,3	2 340	14,5
Viken	541	16,5	499	15,2	477	14,5	438	13,5	475	14,6
Oslo	479	19,7	438	17,9	394	15,9	383	15,5	396	16,0
<b>Oslo</b>	479	19,7	438	17,9	394	15,9	383	15,5	396	16,0
Innlandet	172	15,9	149	13,9	161	15,2	134	12,8	173	16,8
Vestfold og Telemark	213	18,2	177	15,3	144	12,7	134	12,0	167	15,2
Agder	145	14,3	111	11,0	124	12,3	120	12,2	142	14,4
Rogaland	205	14,0	173	11,8	145	10,0	155	10,8	186	13,1
<b>Stavanger</b>	92	19,3	66	13,5	60	12,5	57	12,3	72	16,0
Vestland	316	14,9	269	12,7	244	11,5	264	12,4	238	11,3
<b>Bergen</b>	164	14,9	156	14,0	149	13,2	146	12,8	133	11,6
Møre og Romsdal	109	14,2	97	12,7	75	9,8	81	10,5	77	10,0
Trøndelag	229	14,2	205	12,8	172	10,7	184	11,4	175	10,8
<b>Trondheim</b>	118	14,0	97	11,5	75	8,8	102	11,6	108	12,1
Nordland	148	19,9	129	17,8	106	15,0	98	14,4	120	18,2
Troms og Finnmark	192	23,8	172	21,6	143	18,3	133	17,2	149	19,4
<b>Tromsø</b>	75	25,7	68	23,1	41	14,1	39	13,6	50	17,6
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	41		28		49		37		42	

<sup>1</sup>Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.



Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2022


Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	11 967	5 300	4 267	1 325	476	456	133	4	6
15-19 år <sup>1</sup>	864	393	296	111	39	19	3	2	1
20-24 år	2 340	1 097	826	271	81	50	13	1	1
25-29 år	2 939	1 302	1 089	302	118	91	37	0	0
30-34 år	2 948	1 312	1 041	312	112	120	49	1	1
35-39 år	2 025	822	723	255	88	112	22	0	3
40-44 år	787	346	273	68	33	62	5	0	0
45-49 år <sup>2</sup>	64	28	19	6	5	2	4	0	0

<sup>1</sup> Inkluderer tal for kvinner under 15 år (9 avbrot blant dei under 15 år).


<sup>2</sup> Inkluderer tal for kvinner over 49 år (1 avbrot blant dei over 49 år).

Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2013-2022


År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
2013	14 778	4 810	6 172	2 328	826	480	151	5	6
2014	14 067	4 659	5 983	2 161	720	411	121	11	1
2015	14 033	5 202	5 590	1 983	673	464	115	6	0
2016	13 193	4 865	5 296	1 806	648	440	122	5	11
2017	12 750	4 890	5 012	1 661	642	394	142	9	0
2018	12 391	4 984	4 777	1 456	604	390	170	10	0
2019	11 734	4 810	4 499	1 340	571	373	131	9	1
2020	11 088	4 924	4 026	1 159	470	360	143	6	0
2021	10 875	4 803	3 943	1 154	470	351	144	8	2
2022	11 967	5 300	4 267	1 325	476	456	133	4	6



Figur 3. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2022. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2022. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 5. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2022. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2013-2022

År	Total mengd	Svangerskapslengde																				Ikkje oppgitt
		9 veker og under				10 veker				11 veker				12 veker				Over 12 veker <sup>1</sup>				
		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	
2013	14 142	10 700	75,7	1 850	13,1	426	3,0	334	2,4	293	3,0	251	1,8	188	1,3	93	0,7	0	0,0	1	0,0	6
2014	13 520	10 586	78,3	1 565	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,9	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	1
2015	13 444	10 758	80,0	1 351	10,0	418	3,1	248	1,8	287	3,1	164	1,2	150	1,1	68	0,5	0	0,0	0	0,0	0
2016	12 621	10 222	81,0	1 172	9,3	373	3,0	200	1,6	282	3,0	141	1,1	149	1,2	70	0,6	1	0,0	0	0,0	11
2017	12 196	10 019	82,1	1 037	8,5	317	2,6	187	1,5	291	2,6	117	1,0	170	1,4	54	0,4	4	0,0	0	0,0	0
2018	11 822	9 968	84,3	764	6,5	345	2,9	140	1,2	305	2,9	105	0,9	137	1,2	55	0,5	3	0,0	0	0,0	0
2019	11 214	9 593	85,5	592	5,3	336	3,0	127	1,1	297	3,0	88	0,8	136	1,2	42	0,4	2	0,0	0	0,0	1
2020	10 577	9 286	87,8	459	4,3	279	2,6	83	0,8	249	2,6	63	0,6	129	1,2	28	0,3	1	0,0	0	0,0	0
2021	10 365	9 178	88,5	370	3,6	297	2,9	53	0,5	274	2,9	49	0,5	120	1,2	19	0,2	3	0,0	0	0,0	2
2022	11 377	10 022	88,1	474	4,2	345	3,0	51	0,4	288	3,0	50	0,4	119	1,0	16	0,1	6	0,1	0	0,0	6


<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte selvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2022

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	11 377	10 786	94,8	591	5,2	9 567	84,1
Akershus universitetssykehus	1 251	1 212	96,9	39	3,1	1 077	86,1
Bærum sykehus	376	365	97,1	11	2,9	326	86,7
Drammen sykehus	428	412	96,3	16	3,7	365	85,3
Finnmarkssykehuset, Klinikkk Hammerfest	165	154	93,3	11	6,7	137	83,0
Finnmarkssykehuset, Klinikkk Kirkenes	55	51	92,7	4	7,3	42	76,4
Førde sentralsjukehus	139	137	98,6	2	1,4	118	84,9
Haugesund sjukehus	230	225	97,8	5	2,2	188	81,7
Haukeland universitetssjukehus	888	851	95,8	37	4,2	716	80,6
Helgelandssykehuset Mo i Rana	105	98	93,3	7	6,7	79	75,2
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	78	73	93,6	5	6,4	63	80,8
Kongsberg sykehus	98	95	96,9	3	3,1	84	85,7
Kristiansund sykehus	79	78	98,7	1	1,3	66	83,5
Longyearbyen sykehus	1	1	100,0	0	0,0	0	0,0
Molde sjukehus	93	89	95,7	4	4,3	73	78,5
Nordlandssykehuset Bodø	161	155	96,3	6	3,7	126	78,3
Nordlandssykehuset Lofoten	43	42	97,7	1	2,3	27	62,8
Nordlandssykehuset Vesterålen	66	60	90,9	6	9,1	47	71,2
Odda sjukehus	7	7	100,0	0	0,0	6	85,7
Oslo universitetssykehus	1 877	1 706	90,9	171	9,1	1 691	90,1
Ringerike sykehus	124	123	99,2	1	0,8	111	89,5
St. Olavs hospital	738	712	96,5	26	3,5	574	77,8
Stavanger universitetssjukehus	633	618	97,6	15	2,4	518	81,8
Stord sjukehus	62	60	96,8	2	3,2	52	83,9
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	443	388	87,6	55	12,4	377	85,1
Sykehuset Innlandet Elverum	271	253	93,4	18	6,6	219	80,8
Sykehuset Innlandet Gjøvik	174	162	93,1	12	6,9	146	83,9
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	126	123	97,6	3	2,4	109	86,5
Sykehuset Innlandet Lillehammer	166	158	95,2	8	4,8	131	78,9
Sykehuset Levanger	125	114	91,2	11	8,8	103	82,4
Sykehuset Namsos	60	52	86,7	8	13,3	52	86,7
Sykehuset Telemark	322	297	92,2	25	7,8	275	85,4
Sykehuset Østfold	632	599	94,8	33	5,2	513	81,2
Sørlandet sykehus Arendal	207	199	96,1	8	3,9	165	79,7
Sørlandet sykehus Kristiansand	340	328	96,5	12	3,5	308	90,6
Univ. sykehuset Nord-Norge	295	291	98,6	4	1,4	241	81,7
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad	114	112	98,2	2	1,8	101	88,6
Univ. sykehuset Nord-Norge Narvik	70	60	85,7	10	14,3	59	84,3
Volda sjukehus	72	69	95,8	3	4,2	63	87,5
Voss sjukehus	73	71	97,3	2	2,7	65	89,0
Ålesund sjukehus	190	186	97,9	4	2,1	154	81,1


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2022

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnda	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 532	13 121	97,0	380	2,8	31	0,2
1985	14 598	14 242	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 874	13 530	97,5	343	2,5	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	504	3,4	13	0,1
2005	13 991	13 410	95,8	573	4,1	8	0,1
2010	15 741	15 069	95,7	652	4,1	20	0,1
2015	14 033	13 444	95,8	577	4,1	12	0,1
2018	12 391	11 822	95,4	555	4,5	14	0,1
2019	11 734	11 214	95,6	512	4,4	8	0,1
2020	11 088	10 577	95,4	500	4,5	11	0,1
2021	10 875	10 365	95,3	501	4,6	9	0,1
2022	11 967	11 377	95,1	586	4,9	4	0,0




<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringer som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 6. Nemndbehandla begjæringer<sup>1</sup> og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

**Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2013-2022.**  
Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


**Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2013-2022.**  
Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2013-2022

År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd <sup>2</sup>							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna <sup>1</sup>	Ikkje oppgitt
2013	636	40	256	295	23	7	5	9	1
2014	547	36	202	250	41	4	7	7	0
2015	589	47	238	250	24	2	11	17	0
2016	572	30	240	262	27	2	6	4	1
2017	554	19	197	295	27	4	4	8	0
2018	569	27	174	324	26	6	3	9	0
2019	520	26	161	295	22	8	1	7	0
2020	511	19	136	304	31	8	7	6	0
2021	510	30	112	307	26	18	5	12	0
2022	590	24	150	362	22	9	13	10	0


<sup>H1</sup> Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

<sup>2</sup> Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd.



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2013-2022.






Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2021 og 2022. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2022

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	590	389	100,0	201	100,0	0	
Veke 12 <sup>1</sup>	3	3	0,8	0	0,0	0	
Veke 13	102	60	15,4	42	20,9	0	
Veke 14	107	67	17,2	40	19,9	0	
Veke 15	59	31	8,0	28	13,9	0	
Veke 16	69	46	11,8	23	11,4	0	
Veke 17	57	33	8,5	24	11,9	0	
Veke 18	56	38	9,8	18	9,0	0	
Veke 19	44	35	9,0	9	4,5	0	
Veke 20	54	41	10,5	13	6,5	0	
Veke 21	35	32	8,2	3	1,5	0	
Veke 22 og over	4	3	0,8	1	0,5	0	
Anna/Ukjend	0	0	0,0	0	0,0	0	

<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.



Figur 11. Prosentdel nemndbehandla svangerskapsavbrot før og etter 18 veker svangerskapslengde og etter indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c eller andre paragrafar 2013-2022. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2022, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	660	608	23	29	0	586
Veke 12 <sup>1</sup>	6	5	0	1	0	3
Veke 13	112	107	0	5	0	102
Veke 14	117	107	2	8	0	106
Veke 15	62	61	0	1	0	59
Veke 16	77	72	1	4	0	69
Veke 17	60	58	2	0	0	57
Veke 18	61	56	2	3	0	56
Veke 19	54	48	5	1	0	44
Veke 20	58	53	3	2	0	52
Veke 21	39	36	3	0	0	34
Veke 22 og over	13	5	5	3	0	4
Anna/Ukjend	1	0	0	1	0	0

<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2022 vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	18	6	9	3	0	4
Veke 12 <sup>1</sup>	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	1	1	0	0	0	1
Veke 15	0	0	0	0	0	0
Veke 16	1	0	0	1	0	0
Veke 17	1	1	0	0	0	0
Veke 18	2	1	0	1	0	0
Veke 19	4	0	4	0	0	0
Veke 20	3	2	1	0	0	2
Veke 21	3	1	2	0	0	1
Veke 22 og over	3	0	2	1	0	0
Annet/Ukjend	0	0	0	0	0	0

<sup>1</sup> I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2022

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd <sup>1</sup>	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	660	100,0	590	100,0
Viken	154	23,3	139	23,6
Oslo	135	20,5	117	19,8
<b>Oslo</b>	135	20,5	117	19,8
Innlandet	39	5,9	38	6,4
Vestfold og Telemark	30	4,5	28	4,7
Agder	38	5,8	38	6,4
Rogaland	56	8,5	53	9,0
<b>Stavanger</b>	20	3,0	20	3,4
Vestland	68	10,3	57	9,7
<b>Bergen</b>	39	5,9	32	5,4
Møre og Romsdal	24	3,6	21	3,6
Trøndelag	52	7,9	46	7,8
<b>Trondheim</b>	23	3,5	21	3,6
Nordland	29	4,4	24	4,1
Troms og Finnmark	26	3,9	23	3,9
<b>Tromsø</b>	8	1,2	8	1,4
Ukjend/Anna <sup>1</sup>	9	1,4	6	1,0

<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.  
<sup>2</sup> Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2021 og 2022

Helseinstitusjon	2021				2022			
	Begjæringar		Utførte		Begjæringar		Utførte	
	Mengd <sup>1</sup>	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	578	100,0	510	100,0	660	100,0	590	100,0
Akershus univ.sykehus	54	9,3	49	9,6	66	10,0	56	9,5
Bærum sykehus	13	2,2	12	2,4	12	1,8	11	1,9
Drammen sykehus og Kongsberg sykehus	23	4,0	19	3,7	45	6,8	41	6,9
Finnmarkssykehuset	7	1,2	7	1,4	5	0,8	4	0,7
Haugesund, Stod sjukehus og Stavanger universitetssjukehus	45	7,8	43	8,4	53	8,0	50	8,5
Haukeland universitetssjukehus, Voss og Førde	66	11,4	51	10,0	70	10,6	58	9,8
Helgelandssykehuset	2	0,3	1	0,2	7	1,1	7	1,2
Helse Møre og Romsdal, Molde og Kristiansund	2	0,3	2	0,4	6	0,9	6	1,0
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	7	1,2	6	1,2	10	1,5	8	1,4
Helse Nord-Trøndelag	1	0,2	1	0,2	4	0,6	4	0,7
Nordlandssykehuset	11	1,9	11	2,2	13	2,0	12	2,0
Oslo univ. sykehus	145	25,1	119	23,3	136	20,6	115	19,5
Ringerike sykehus	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0
St. Olavs hospital	71	12,3	69	13,5	81	12,3	73	12,4
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	22	3,8	19	3,7	19	2,9	18	3,1
Sykehuset Innlandet Elverum	12	2,1	11	2,2	13	2,0	12	2,0
Sykehuset Innlandet Gjøvik	5	0,9	5	1,0	13	2,0	13	2,2
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	2	0,3	2	0,4	2	0,3	2	0,3
Sykehuset Innlandet Lillehammer	13	2,2	13	2,5	9	1,4	9	1,5
Sykehuset Telemark	10	1,7	10	2,0	10	1,5	9	1,5
Sykehuset Østfold	24	4,2	22	4,3	27	4,1	25	4,2
Sørlandet sykehus, Arendal	8	1,4	8	1,6	8	1,2	8	1,4
Sørlandet sykehus, Kristiansand	10	1,7	7	1,4	25	3,8	25	4,2
Univ. sykehuset Nord-Norge	25	4,3	23	4,5	26	3,9	24	4,1
<sup>1</sup> Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål								

**Tabell 16. Talet på og prosentdelen abortar fullført utanfor sjukehus (heimeabort) i Helse Nord per utførande sjukehus i 2022.**

Utførande sjukehus	Talet på abortar under 10 veker	Abort fullført utanfor sjukehus (heimeabort)	Prosent
Helse Nord	1090	608	55,8
Helgelandssykehuset Mo i Rana, Gyn.avd.	96	71	74,0
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	76	34	44,7
Helse Finnmark, Klinikk Hammerfest	159	96	60,4
Helse Finnmark, Klinikk Kirkenes	51	14	27,5
Nordlandssykehuset Bodø	153	113	73,9
Nordlandssykehuset Lofoten	38	18	47,4
Nordlandssykehuset Vesterålen	59	27	45,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	109	12	11,0
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	66	50	75,8
Universitetssykehuset Nord-Norge, Tromsø og Longyearbyen	283	173	61,3

## APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))<sup>3</sup>

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

---

## APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 8. mars 2023.

### Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2022.

### Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2022 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2022. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2022 fekk registeret inn 11 937 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå og med 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa.

### Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2022. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

### Eining

Talet på tilfelle per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfelle per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

### Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndighetene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

### Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

## Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinare enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Svangerskapsveke 12 er definert som veke 11 +1 til 6 dagar.

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

## Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

## Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

## Innsamling

Elektroniskemeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

## Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

I 2022 er det 12 meldingar ein ikkje har fått inn innan fristen.

## Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påverkar ratane i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).



## **Samanlikningsgrunnlag over tid og stad**

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

## **Oppdateringsfrekvens**

Årleg

## **Publiseringsstad**

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)

## **Publikasjonar**

Rapport 2005 om nemndbehandlete svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2016](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2017](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2018](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2019](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2020](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2021](#)

Utgitt av Folkehelseinstituttet

Mars 2023

Postboks 4404 Nydalen

NO-0403 Oslo

Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra

Folkehelseinstituttets nettsider

[www.fhi.no](http://www.fhi.no)